



Knester ved Eidsvik like før han vart overlevert

Fiskebåten Knester som vart bygd av Eidsvik Skipsbyggeri i Uskedalen for eit rederi i Austevoll i 2007 var involvert i stor dramatik på Stadthavet natt til søndag. Ein lastebåt var berre meter fra å grunnstøyte, men Knester kom til og berga båten og mannskapet på 5. Lastebåten Molo Trader fekk motorstogg i tung sjø og dårleg ver og båten dreiv mot land

I løpet av nokre dramatiske minutt kom Knester til, fekk tak i trossene på lastebåten og taua den bort frå land. Skipper Moris Eivind Troland og mannskapet på fiskebåten vart kalla opp av lastebåten då Molo Trader låg berre 180 meter frå land.

Han seier til NRK Sogn og Fjordane at det var nokre dramatiske minutt då dei måtte få ei lasteline ombord i lastebåten for å få tak i trossene. Det var ikkje så enkelt så seint på svarte natta og så nær land.

Båten var i fare for å bli knust mot fjæresteinane. Knester heldt tak i lastebåten i 2 timar og hadde god kontroll. Redningkøyta kom etter ein time. Troland har aldri vore med på noko liknande.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen